


Eit av dei interessante innslaga i boka om stølar og setrar i Kvinnherad er ein artikkel av redaktør Kaare Skaala om murane i Hauglandslia. Det er mange av dei, fleire enn dei fleste andre stader i kommunen, Skaala kallar dei eit traust kulturminne og konkluderer med at om murene er mange, er kunnskapane om dei få. Ein veit også lite om korleis dei vart brukt.



Skisse av Kaare Skaala i boka om setrane

Skaala skriv mellom anna om murane som det er minst 5 av øvst i lia og som Pål og Astrid Haugland kom over tidleg på 1980-talet, Etter brakarydning kom dei små husmurane oppe ved skoggrensa for dagen, Skaala har ein grundig gjennomgang av murane og beskriv dei. Som eit reint tankeeksperiment antyder han at det var eitpar småbruk i øvre del av lia i mellomalderen men at oppsittarane vart ramma av pesten i 1349.

Skaala konkluderar med at det kan reisast mange spørsmål om om utnyttinga, men vi vil iundrast i uvissa til vitskapen tar grundig tak i emnet. Ein av teoriene han elles nemner er at det kan ha vore høyløer her oppe etter nedleggjing av setre.

Biletet viser eit utsnitt av den lange gråsteinsmuren nedanfor dei 5 murane,

Av Ola Matti Mathisen